

## Etiske retningslinjer

### Formål og omfang

I Kvito as er etiske retningslinjer ei felles ramme for alle ordinært tilsette, medrekna vikarar og laurdagshjelper.

Formålet med retningslinjene er å skape arbeidsglede gjennom eit arbeidsmiljø bygd på våre kjerneverdier: Tillit, toleranse og tryggleik.

Ei kvar handling og avgjerd i bedrifta skal vera styrt av normer, verdier og etiske reglar i tråd med gjeldande lovverk og allmenn rettsoppfatning.

### Samfunnsoppdraget

Vi skal alltid ha klart for oss at vi i vårt utføringsarbeid har eit stort samfunnsengasjement, der vår oppgåve er å

- hjelpe menneske til å koma i arbeid.
- gje meningsfullt arbeid til dei som treng varig tilrettelegging.
- skaffe arbeidskraft til næringslivet.

### Framferd i vårt daglege arbeid

Vi skal arbeide for å skape gode relasjonar med kollegaer, arbeidstakarar, jobbsøkjjarar og alle Kvito sine interessepartar, derfor skal vi

- syne ei venleg haldning.
- opptre med respekt, omtanke og vanleg høflegheit.
- respektere andres tid ved å møte presis til avtaler.

Vi ynskjer engasjement og inkludering som kan involvere alle i det trygge fellesskapet, derfor skal vi

- vise ei open haldning for ulikskapar og individuelle meininger.
- starte arbeidet med den enkelte på det punkt i livet der vedkomande er.
- gje arbeidstakar/jobbsøklar moglegheit for å auke kontroll som påverkar eigen situasjon.
- Vise respekt for personvernet og overhalde teieplikta.

## Interessekonflikt og økonomi

Tilsette i verksemda må ikkje la seg påverke til å ta avgjerder eller utføre handlingar gjennom press eller økonomisk vinning. Dei må heller ikkje la personlege omsyn gå på kostnad av verksemda sine interesser.

Ein tilsett skal ikkje motta gåver eller goder i tilknytning til arbeid. Blomar eller konfekt kan ein ta imot, men ein skal melde frå til overordna om ein får slike gåver.

Kvito sine lokale, maskiner og utstyr skal ikkje nyttast til andre føremål enn tiltenkte bruksområde. Privat bruk må skje etter avtale med næraste overordna og ikkje vera til hinder i arbeidet for verksemda.

Alle innkjøp i Kvito As skal godkjennast av budsjettansvarleg for den aktuelle eininga.

## Teieplikt og varslingar

Tilsette ved Kvito as er pålagt teieplikt, og kan berre uttale seg til omverda om faktaopplysningar som ikkje handlar om personopplysningar eller detaljerte produksjonsopplysningar, slik som oppskrifter, produktbeskrivingar og liknande.

Ordinært tilsette skal ikkje opprette nye kontaktar på sosiale media med arbeidstakarar/jobbsøklarar, men kan fritt velje å seia ja til førespurnader. Vi skal uansett opptre med varsemd på sosiale media, og ha klart for oss at vi blir oppfatta som tilsette i Kvito AS også når vi uttalar oss som privatpersonar.

Ein tilsett som opplever brot på gjeldande lov/forskrift, interne reglar og retningsliner skal straks varsle næraste leiar. Gjeld varslinga ein leiar, er det dagleg leiar som skal varslast. Eit kvart varsel medfører undersøkingsplikt, og den som blir varsla har ansvar for at saka blir fylgd opp. Varslaren skal ha tilbakemelding om oppfølging av saka, og vedkomande skal ikkje bli utsett for represalier av noko slag.